
Fra: Tveit Vigdis <vigdis.tveit@vegvesen.no>
Sendt: fredag 24. november 2017 16:53
Til: Postmottak Lindås
Emne: Svar til varsel om oppmålingsforretning - gnr. 212 bnr. 41 - ArkivsakID 2017/2912
Vedlegg: 212_32 Oppgjerskart.pdf; Rv14 Avlev_prot.pdf

Vi viser til varsel om grensegang på veggrensers langs gnr.212 bnr.41 i Lindås kommune.

Vedlagt følger oppgjerskart for den gong gnr.212 bnr.32 samt opplisting av avleveringar for denne delen av Fv393.

Oppgjerskartet samantfall med grensene som ligg i matrikkelkartet i dag, men for denne delen av Fv393 har vi ingen erverv. Kommunane var ansvarlege for erverv av grunn til riksveg fram til 1964 og til fylkesveg fram til 1985. Det kan derfor vere at de må leite i kommunen sitt arkiv for grenser på denne delen.

Dersom kommunen ikkje finn noko erverv i sitt arkiv, må vi halde oss til dei gamle avleveringsprotokollane og rettspraksis. I vedlagt oversikt er heile strekninga Ostereidet – Knarvik slege saman. Dette tyder på at sterkninga har vore under strekningsvis arbeid i heile perioden som er beskriven: 1920 – 1956. Dermed er det svært vanskeleg å vite kvafor vegbreidde og veglov akkurat denne parsellen er avlevert etter. Utan mykje meir leitearbeid i våre arkiv, og utan garantert fangst, kan vi ikkje påstå anna enn den tidlegaste veglova, altså 1912, der grenseavstand var sett til 1,5 meter frå ytre vegskulder. Likevel er det i rettspraksis vist at eksisterande vegkonstruksjon alltid er å rekne som vegen sitt eigedomsområde. Med andre ord vil alle vegfyllinger som er vitale for at vegen skal kunne fungere som veg, vegen sitt eigedomsområde også utanfor minimumsavstanden 1,5 meter. Eksisterande grense skal i slike tilfelle settast i fot fylling.

Vi har diverre kapasitetsmangel, og derfor vanskeleg for å kunne møte på alle kommunale forretninger. Vi håpar at ovanstående kan vere godt nok grunnlag til å få på plass eksisterande grense for den delen av forretninga der det ikkje er oppmålt grense.

Vi ser fram til å motta protokoll til gjennomsyn.

Med helsing
Vigdis Tveit

Seksjon: Eigedomsseksjonen
Postadresse: Statens vegvesen Region vest, Postboks 43, 6861 LEIKANGER
Kontoradresse: Nygårdsgaten 112, BERGEN
Telefon: +47 55516208 **Mobil:** +47 99575634 **e-post/Lync:** vigdis.tveit@vegvesen.no
www.vegvesen.no **e-post:** firmapost-vest@vegvesen.no

Tenk miljø - spar papir. Treng du skrive ut denne e-posten?